



Naturbase dokumentasjon Biologisk mangfold

BN00044616, Frøylandsvatnet

Kommune Sandnes

Områdebeskrivelse **Generelt:** Innlagt av John Bjarne Jordal i januar 2007. Frøylandsvatnet nordaust i Sandnes har fleire stader mudderstrender, særleg i sør- og nordenden. Lokaliteten er oppdaga og undersøkt av Svein Imsland og John Inge Johnsen. Ein har under tvil avgrensa heile vatnet. Det er særleg den sørlege delen av vatnet som er viktig for fleire sjeldne planteartar, men skaftevjeblom er også funnen i den nordlege delen. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Særleg i sør er det betydelege areal med mudder på grunt vatn som m.a. inneheld kortskotstrand (O1) og langskotvegetasjon (P1). Det er fine utformingar av beitepåverka ferskvass-strand med pusleplantasamfunn. Truleg finst fleire typar som ikkje er kartlagde.

Kulturpåverknad: På sørsida av vatnet finst eit industriområde som har fyllingar som går ut i mudderbankane. Det er og i meste laget med søppel i dette området.

Artsfunn: Det er i sørenden funne fleire sjeldne og dels raudlista artar, m.a. mjukt havfrugras (EN), krustjønnaks (har gått ut av raudlista), butt-tjønnaks, stautpiggknopp, skaftevjeblom (NT), nålesivaks og jærsiv (NT) (kjelder: Svein Imsland og John Inge Johnsen). Elles brønnkarse, evjesoleie, klovasshår, krypsiv og vasspepar. Av fugl vart det observert storskarv, toppand m.m. Skaftevjeblom finst også i nordlege del av vatnet.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er habitat for ein raudlisteart i høg kategori (mjukt havfrugras) og for fleire i lågare kategori. Elles finst eit variert artsutval.

Omsyn og skjøtsel: Det er svært viktig å unngå fyllingar og andre inngrep nærare vatnet. Særleg gjeld dette på sørsida der det er funne mange sjeldne artar. Ein må vidare unngå forureining og forsøpling. Eksisterande søppel bør ryddast vekk.

Mulege truslar: Forureining, fysiske inngrep

Naturtyper

Naturtype	Rik kulturlandskapssjø
Utforming	Kalkfattigere utforming
Verdi	Svært viktig
Stedkvalitet	Særs god
Dato registrert	30.09.2006

Tillegg for naturtyper

Naturtype	Andel
Mudderbank	10
Rik kulturlandskapssjø	90

Andre opplysninger

Totalareal 521 daa

Dokumenter

Tittel	Link	Dokumenttype
Foto: John Bjarne Jordal ©	Frøylandsvatnet.jpg	Bilder

Kilder

Navn	Årstall	Tittel	Link	Kildetype
		Supplerande		

Jordal, J. B.	2008	kartlegging av naturtyper i Rogaland i 2006. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernnavd, 1-156.	Litteratur
---------------	------	---	------------

Kartutsnitt



Bilder



89 Sandnes: Frøylandsvatnet. Svein Imsland studerer mudderflatene ved industriområdet på sørsida av vatnet. Her finst ei rekkje sjeldne og kravfulle vassplanter som dels står på raudlista.

Foto: John Bjarne Jordal ©

Kilde: [Direktoratet for naturforvaltning](#)